

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.05.2018

**Helge Nævdal, A**, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er medlem i styringsgruppa i Kystskogbruket. Nævdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helge Nævdal ikkje var inhabil.

Helge Nævdal tiltredde saksbehandlinga.

**Tom Sverre Tomren, MDG**, sette fram slikt forslag:

«Endre følgende summer:

1.2	Støtte til utviklingsprosjekt i kommunar	kr. 400 000
1.4	Støtte til frivillige organisasjoner	kr. 500 000
1.5	Tømmerkai Granvin	kr. 700 000»

### Røysting

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet omdisponerer avsette midlar til hydrogenfyllestasjon, kr. 4 millionar, til følgende prosjekt:

Hydrogen:

1.1	Utløsing av tilskot til kjøp av hydrogenbilar	kr. 200 000
1.2	Støtte til utviklingsprosjekt i kommunar	kr. 400 000

Andre miljø- og klimatiltak:

1.3	Solceller på tak, Arna VGS	kr. 2 200 000
1.4	Støtte til frivillige organisasjonar	kr. 200 000
1.5	Tømmerkai i Granvin	kr. 1 000 000